

VALLE KOMMUNE
Postboks 4
4747 VALLE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 06/04993-56	27.10.2020
	Ark.: 326.10	

Oppstart av namnesak 2020/446 - Landfit/Langfet og namneleddet fit/fet i Valle kommune

I samband med adressering i Valle kommune har Språkrådet teke opp namnesak for naturnamnet *Langfet/Landfit*, jf. brev datert 25.09.2020. Språkrådet ynskjer samstundes å reise samesak på namneleddet fet/fit i Valle kommune, sidan begge skrivemåtane er nytta i SSR. Saka vert teken opp for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Det går fram av den vedlagde lista kva for namn som er med i saka.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: www.norgeskart.no/ssr/
Søk på: namn eller stedsnummer, og namnet på kommunen.

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn og seternamn. Før me gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4

■ www.kartverket.no

tredje ledd i lova. Kommunen må difor setja på vent eventuelt pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamnet. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* (*post@sprakradet.no*), med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen får dette brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Lars Fredrik Gyland
fylkeskartsjef

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi Lars Fredrik Gyland, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)
Maria Ellingsen, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)
SPRÅKRÅDET

Stedsnummer	Skrivemåte	Namneobjekt	Merknader
265436	<i>Langfet / Langfit / Landfet/ Landfit</i>	Slette	
Namneleddet fet/fit:			
508868	<i>Dyresfitjane / Dyresfitjan / Dyresfetjane / Dyresfetjan</i>	Myr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
568760	<i>Feta / Fita</i>	Slette	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
750779	<i>Fetestøyl / Fiti</i>	Seter/støl	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
123553	<i>Fitbekk / Fetbekk</i>	Seter/støl	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
852502	<i>Fitbekkvatnet / Fetbekkdalen</i>	Vatn	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
792642	<i>Fitebekken / Fettebekken</i>	Bekk	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
427554	<i>Fitebekken / Fitjebekken/Fetebekken</i>	Bekk	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
669687	<i>Fiti / Feti</i>	Seter/støl	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
568380	<i>Fiti / Feti</i>	Seter/støl	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
487726	<i>Fiti / Feti</i>	Seter/støl	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
750343	<i>Fitjefjødde / Fetjefjødde</i>	Fjell	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
508411	<i>Fitjekulteren / Fetjekulteren</i>	Ås	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
205403	<i>Fitjekvæven / Fetjekvæven</i>	Dal	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
568356	<i>Fitjereet / Fetjereet</i>	Bakke	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
690219	<i>Fitjeristi / Fetjeristi</i>	Høyde	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
750345	<i>Fitjeskaret / Fetjeskaret</i>	Skar	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.

115517	<i>Fitjetjønn / Fetjetjønn</i>	Tjern	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
305701	<i>Fitjetjørn / Fitjetjørni / Fetjetjørn / Fetjetjørni</i>	Tjern	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
932242	<i>Haugefet / Haugefit</i>	Myr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
325254	<i>Haugefetlia / Haugefitlia</i>	Li	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
2711	<i>Haugefit / Haugefet</i>	Bygg for jordbruk, fiske og fangst	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
305869	<i>Kolvassfiti / Kolvassfiti</i>	Myr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
183653	<i>Krullefiti / Krullefeta</i>	Bygg for jordbruk, fiske og fangst	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
568527	<i>Krøysstøylfeta / Krøylsstøylfeta / Krøysstøylfiti</i>	Øyr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
144642	<i>Kvosåkfeta / Kvassåkfiti</i>	Mo	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
205985	<i>Kyrkjefet / Kyrkjefit</i>	Øyr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
568526	<i>Likkefit / Likkefet</i>	Seter/støl	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
751985	<i>Lislefet / Lislefit</i>	Øyr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
184677	<i>Ljomsfitjan / Ljomsfetjan</i>	Myr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
933485	<i>Længfetbrot / Længfitbrot</i>	Bakke	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
387628	<i>Smilefitdalen / Smilefetdalen</i>	Dal	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
629748	<i>Stakkfet / Stakkfit</i>	Myr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
608676	<i>Stakkfithcii / Stakkfetheii</i>	Ås	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.

690981	<i>Storfit / Storfet</i>	Øyr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.
447806	<i>Stutsfet / Stutsfit</i>	Myr	Namnesaka gjeld berre skrivemåten av namneleddet fet/fit.

Kartverket

Dykkar ref.

Vår ref.
20/522-1/LLH

Dato
25.09.2020

Valle kommune – Landfit/Langfet og namneleddet fit/fet – Språkrådet ber Kartverket reise namnesak

I samband med adresseringa er det naudsynt å avklare skrivemåten av eit naturnamn i Valle kommune gjennom formell namnesak. Det gjeld namnet *Langfet* (einaste skrivemåte i SSR), der kommunen har foreslått namnet *Landfitvegen* og skriv at dei seier *Landfit*. Språkrådet ønsker med det same å reise samlesak på namneleddet *fet/fit* i Valle kommune, sidan begge skrivemåtane er nytta i SSR.

Vennleg helsing

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Line Lysaker Heinesen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kartverket